
Vår referanse 2020/34982-4
Dato 24.06.2020

Bjørn Karsten Skarsvaag
Røysetvegen 104
5919 FREKHAUG

Svar - Avkjørsle - Fritidsbustad - Fv. 562 - Gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune

Vi viser til søknad av 17.05.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi avslag til etablering av avkjørsle frå fylkesveg 562 til egedomen gnr. 21 bnr. 237 i Askøy kommune.

Avslaget blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselsaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Bakgrunnen for vedtaket

Saka har ei forhistorie der Statens vegvesen kravde stopp i pågåande arbeid med å opparbeide avkjørsle og parkering i brev av 27.08.2019. Stoppvarselet var grunngeve med at arbeidet vart utført utan naudsynte løyver og naudsynt sikring. Arbeidet var til stor fare for trafikantane langs fv. 562 og for dei som arbeidde med avkjørsle. Parallelt har det vore sak med ulovlegheitsoppfølging frå Askøy kommune si side for same tiltak, der Fylkesmannen i brev av 27.03.2020 har slått fast at dagens avkjørsle, veg, parkering og snuareal er ulovleg anlagt etter plan og bygningslova og at det ikkje føreligg godkjent løyve etter veglova. Tiltakshavar har no søkt om ny avkjørsle med meir for å legalisere forholda.

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkjørsel frå. Når avkjørsle er ulovleg oppført må vi sjå vekk i frå at den allereie er opparbeidd, og vi må vurdere forholda ut i frå dagens regelverk.


Egedomen er ein fritidseigedom som er avsett til *Landbruk,- natur- og friluftsføremål* jf. arealdel av kommuneplan for Askøy. Egedomen har ein påståande fritidsbustad frå 1964. Fylkesveg 562 ligg vest for egedomen. Fartsgrensa på staden er 80 km/t, og årstdøgertrafikk er 3800 køyretøy. Strekinga er klassifisert til *Haldningsklasse 2* jf. *Rammeplan for avkjørsler og strekningsvis vurdering av haldning til byggjegranser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 - 2020).*

Rammeplanen er vedtatt politisk av Hordaland fylkeskommune. Den inneheld prinsipp og føringar for korleis vi skal vurdere avkjørslesaker og er nytta som ein del av vurderingsgrunnlaget før vi fattar vedtak. Haldningsklasse 2 vil seie at vegen er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon. Det er ei målsetjing at talet på avkjørsler skal vere svært avgrensa på desse strekningane, og at nye avkjørsler bør avklarast gjennom ein reguleringsplan.

Avkjørsle er søkt om på ei rett strekning med høgt fartsnivå. Forsking syner at det er ein samanheng mellom talet på avkjørsler på ei vegstreking og risiko for ulukker. Risikoen for alvorlege ulukker aukar med fartsnivået. Vi meiner det ikkje ligg til rette for å godkjenne nye avkjørsle på denne strekinga med bakgrunn i omsynet til trafikktryggleiken og risikoen for alvorlege ulukker.

Søknaden er ikkje grunngeve, så vi kan ikkje drøfte vidare søkar sine argument.

Eigedomen ligg langs ei strekning der det er viktig å oppretthalde transportfunksjonen til vegnettet. Nye avkøyrslar vil bygge ned transportfunksjonen, og vi meiner at dersom det skal vurderast for ei avkøyrslar til denne eigedomen, må denne gå om avkøyrslar som er lokalisert nord for eigedomen. Her er det regulert ei avkøyrslar i plan 358. Den regulerte løysinga er tilrettelagt med eit lengre avkøyringsfelt når du kjem frå sør, og avkøyrslar frå fylkesvegen lengre nord. Det kan likevel by på utfordringar å sikre ei trafikksikker løysing knytt til dette, og det krev at det vert opparbeidd eige køyrefelt for fritidsbustaden.



Situasjonskart (t.v.) vedlagt nabovarsel viser både avkøyrslar og parkeringsareal. Del av Reguleringsplan 358 og forholdet til fritidseigedomen (t.h).

Arealdelen av kommuneplan for Askøy har regulert 50 meter byggjegrense langs fylkesvegen. Vi kan ikkje sjå at det ligg til rette å fråvike dette i vesentleg grad. På situasjonskart vedlagt eit nabovarsel til tiltaket, er det synt eit parkeringsareal langs fv. 562. Det er ikkje søkt om dispensasjon til Askøy kommune, så dette tiltaket må vi uttale oss til når ein eventuell dispensasjonssøknad kjem på høyring frå kommunen.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift

Kopi til:

ASKØY
KOMMUNE

Klampavikvegen 1